
Vår referanse 2020/77246-2
Dato 08.12.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om bygging av landbruksveg – gnr. 238, bnr. 2 - Eknes ytre - Alver kommune

Vi viser til brev datert 18.11.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka. Området er ikkje synfare, vi ber slik om at ein ved opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift